

# Kvam Energi AS

ÅRSMELDING 2020





# Året 2020

Først og fremst vil eg takka alle tilsette for svært god innsats gjennom dette krevjande året me no har lagt bak oss. Året 2020 har vore utfordrande for selskapet på fleire måtar. Me har gjennomført eit selskapsmessig skilje og omorganisert selskapet til konsernstruktur, kraftprisane har vore historisk låge, og sist men ikkje minst har korona-pandemien som råka verda og Norge i fyrste kvartal i 2020 vore krevjande for selskapet og alle tilsette.

Me har eit særskilt ansvar for kraftforsyninga i vårt område. Korona-pandemien gjorde at me måtte setje i verk ei rekkje tiltak for å hindre smittespreiing, og for at me ikkje skulle koma opp i ein krevjande mannskapssituasjon. Tilsette på nett har vore delt på to oppmøteplassar (Norheimsund og Øystese), og det har vore utstrakt bruk av heimekontor. Dette er også stoda i skrivande stund, mai 2021.

Takka vere god innsats frå alle har me gjennom heile pandemien hatt tilnærma normal drift og aktivitetsnivå. Me har ikkje hatt smitte, og forsyningstryggleiken for straum har ikkje vorte påverka.

Arbeidet med etablering av konsernstruktur tok mykje tid i året som gjekk. Det var viktig å finna ei god og

kostnadseffektiv løysing som gjer at me også etter omorganiseringa leverer gode resultat og tenester av høg kvalitet. Etableringa av selskapsmessig skilje vart gjennomført med rekneskapsmessig verknad frå 1. januar 2020. Kvam Kraftverk AS og Kvam Energi Nett AS er heileigd dotterselskap av Kvam Energi AS.

Bygginga av nye Skulafossen kraftstasjon har pågått for fullt i 2020. Det var ein stor og viktig milepæl for selskapet når den nye stasjonen vart sett på prøvedrift 18. desember. Arbeidet har gått bra både økonomisk og i høve framdrifta.

Den gamle kraftstasjonen, med maskiner frå 1950, var i produksjon fram til den vart stoppa for siste gong 14. juni. Dette gjorde at forsyningstryggleiken i straumnettet

ikkje vart svekka, og me slapp å få eit unødvendig stort inntektstap.

Me har hatt stor fokus på dei miljømessige sidene ved bygginga av den nye kraftstasjonen. Betre utnytting av den tilgjengelege vassmengda, ny røyrgate i fjellet og fjerning av den gamle røyrgata som låg open i dagen, er nokre av faktorane som har gjort at dette vart vellukka.

Kraftproduksjonen står vanlegvis for ein stor del av overskotet i selskapet. Svært låge kraftprisar gjorde at resultatet ikkje vart som forventa, og gjorde at me også fekk økonomiske og likviditetsmessige utfordringar som me måtte løysa. Gode resultat frå nettverksemda og kraftomsetnaden gjorde at me likevel klarte å levera eit samla resultat me er nøgde med.

Nettverksemda er ei monopolverksemd som er strengt regulert av myndighetene. Selskapet har ei bevisst haldning til leveransetryggleik og risiko. Samstundes er det viktig å halde eit kostnadsnivå på line med andre nettverksemdar i landet. Langsiktig og målretta arbeid med kontinuerleg fornying og utskifting av eldre nettkomponentar har gjort at me i dag har eit godt straumnett med høg oppetid. I tillegg bidreg kompetente og motiverte medarbeidarar med god lokalkunnskap til at feilrettingstida er låg. Dette er eigenskapar det er viktig å ta vare på og vidareutvikla når nettverksemda no er skilt ut som eit eige selskap i konsernet.

Elektrifiseringa av samfunnet og næringsutvikling gjer at me forventar ei auke i effektuttak og straumforbruk i åra som kjem. Dette vil medføra at investeringsnivået på nett vil vera høgt framover, og er noko selskapet må bu seg på.

Kvam Energi er ei viktig lokal samfunnsbedrift som har ansvar for å levera samfunnskritiske tenester i Kvam. Me har stor fokus på kvalitet og leveringstryggleik. I tillegg er me ein stor arbeidsplass og ei aktiv lærebedrift. Verksemda bidreg monaleg til den lokale verdiskapinga gjennom kjøp av varer og tenester. Fokus på faktorar me kan påverka er viktig for at me også i åra framover skal kunne levera gode resultat.



Arne Tillung  
Adm. direktør

# INNHALD

Året 2020	2
Årsmelding frå styret	4
Resultatrekneskap	14
Balanse	15
Kontantstraumoppstilling	17
Notar til rekneskapen	18
Deloitte	28
Nøkkeltal	30

# Styret i Kvam Energi AS



**Gunnar Skeie**, *Styreleiar*



**Anne Marie Øvrevik**, *Nestleiar*



**Merete Salvesen Wallevik**, *Styremedlem*



**Vidar Riber**, *Styremedlem*



**Gunnar Mundheim**, *Tilsett valgt styremedlem*



# Årsmelding frå styret 2020

## Kvam Energi AS

Kvam Energi AS er heileigd av Kvam herad, og er morselskap i konsernet Kvam Energi AS. Selskapet vart skipa 27.september 2019 i samband med innføring av selskapsmessig skilje og etablering av konsernstruktur for Kvam Kraftverk AS.

Det selskapsmessige skiljet og etableringa av full konsernstruktur er gjennomført med regnskaps- og skattemessig kontinuitet og verknad for året 2020.

Konsernet består, forutan morselskapet Kvam Energi AS, også av dei heileigde dotterselskapa Kvam Energi Nett AS og Kvam Kraftverk AS.

I tillegg til å vere eigar av dotterselskapa har aktiviteten i morselskapet bestått av levering av fellestenester som administrasjon, økonomi, IT, HR og liknande til dotterselskapa.

### ØKONOMI

I tillegg til rekneskap for selskapet Kvam Energi AS, er det også utarbeidd

konsernrekneskap. Driftsrekneskapen for konsernet viser eit resultat før finans og skatt på 15,985 mill. kroner. Dette gjev eit driftsresultat på 15,7 prosent. Resultat etter skatt vart 10,022 mill. kroner.

For selskapet Kvam Energi AS vart resultatet etter skatt på 0,158 mill. kroner.

Resultatet av drifta i konsernet fordeler seg slik (tal i heile 1 000):

Kraftomsetnad	4 714
Produksjon	1 478
Nettverksemd	8 429
Fibernet	- 192
Sekundærverksemd	1 566
Driftsresultat	15 985
<hr/>	
Netto finanspostar	3 066
Ordinært resultat før skatt	12 919
Skatt på ordinært resultat	2 897
Resultat i året etter skatt	10 022

Omsetnaden i året enda på 101,9 mill. kroner, mot 145,9 mill. kroner i 2019. Reduksjonen skuldast svært låge kraftprisar gjennom store deler av 2020. Gjennomsnittleg elspotpris i NO5 i 2020 var 9,7 øre/kWh (ref. Nordpool) mot 38,7 øre/kWh i 2019.

Trass i planlagt stopp i kraftproduksjonen i Skulafossen, vart det i løpet av året produsert 2,5 GWh meir enn 10-års middelen, dette kompenserer litt for det låge prisnivået.

Området kraftomsetnad fekk i 2020 eit driftsresultat på 4,714 mill. kroner. Dette er svært bra samanlikna med tidlegare år, og skuldast fallande og låge prisar i marknaden, og utnytting av dette i vår prisstrategi.

Driftsresultatet for kraftproduksjonen enda på 1,478 mill. kroner. Dette er betydeleg lågare enn tidlegare år, og skuldast låge kraftprisar gjennom store deler av året. Produksjonsmengda var om lag 2,5 GWh over 10 års middelen.

I 2020 er det heileigde dotterselskapet Sekkelva Kraftverk, fusjonert inn i Kvam Kraftverk og er såleis ein del av kraftproduksjonen i konsernet.

Nettverksemda fekk eit driftsresultat på 8,429 mill. kroner i 2020. Dette er betre enn tidlegare år og skuldast ein kombinasjon av meir timar brukt på investeringar, lågare bemanning og lønnskostnader og positive avvik på avkastningsgrunnlag og annan inntektsgevande aktivitet.

Aktiviteten knytt til fibernettet fekk i 2020 eit driftsresultat på -0,192 mill. kroner. Dette er på same nivå som i 2019. Driftsresultatet er negativt og såleis ikkje tilfredsstillande. Inntektene har auka med 0,8 mill. kr. i året, men det er kostnadssida som gjer at ein ikkje leverer tilfredsstillande resultat.

Fibernet tek ein stor del av dei interne kostnadane i konsernet, og desse har vore høge i 2020. Det har vore fokus på driftskostnadene, og dette arbeidet, saman med grundig vurdering av nivået på dei månadlege leigeinntektene, vert prioritert framover.

Sekundærverksemda inneheld ulike typar tenester som service på tidlegare leverte varmpumper og ulike typar andre mindre tenester. I tillegg er alle konserninterne elmineringar lagt her. Samla fekk verksemdsområdet eit positivt driftsresultat på 1 566 mill. kroner. Dette heng hovudsakeleg saman med konserninterne transaksjonar og vurderingar.

Totalkapitalen for konsernet ved utgangen av året endar på 369,1 mill. kroner mot 331,3 mill. kroner i 2019. Eigenkapitalen utgjorde 37,4 %, som er ein reduksjon på 0,77 % samanlikna med førre år.

Konsernet sin soliditet og eigenkapital grad er god, og på nivå med tilsvarande verksemdar.

Verksemda har dei siste åra gjennomført svært store investeringar, sist og ikkje minst ved fullføringa av ny kraftstasjon i Skulafossen i 2020. Dette er finansiert ved opptak av nye lån, utviding av kredittar og bruk av verksemda sine positive resultat.





Trass i eit krevjande år med låge kraftprisar, utfordrande arbeidssituasjon med mange Korona tiltak og høgare kostnadsnivå, er styret nøgd med resultatet for året og vil føreslå eit utbyte til eigar på 7,7 mill. kroner for 2020.

#### **VIDARE DRIFT**

Styret stadfestar at rekneskapan for 2020, med vurdering av soliditet og inntening, gjev godt grunnlag for vidare drift av verksemda.

#### **PERSONELL, ARBEIDSMILJØ OG TRYGGLEIK**

Konsernet Kvam Energi hadde 29 fast tilsette fordelt på 29 årsverk ved årsskiftet. Av desse var 3 kvinner og 26 menn. I tillegg har ein to lærlingar i energimontørfaget.

Konsernet har gjennomgåande styre for alle selskapa. Styret er samansett

av 2 kvinner og 3 menn. Både styret og administrasjonen er medvetne samfunnet sine krav om å fremja likestilling og hindra diskriminering i verksemda.

Samla sjukefråvær i konsernet i 2020 var på 2,03 %. Målsetjing er at sjukefråværsprosenten skal vera under 3 %.

Det har ikkje vore arbeidsskader som har ført til sjukefråvær i 2020. Ei hending førte til medisinsk undersøking men ikkje til sjukefråvær. Lovpålagde tryggleiks- og førstehjelpskurs har vore gjennomførte for driftspersonalet. Alle tilsette i konsernet er tilslutta bedriftshelsetenesta «Bedriftshelse1». Arbeidsmiljøet ved verksemdene vert sett på som godt.

#### **YTRE MILJØ**

Kvam Energi har stor fokus på natur- og miljømessige konsekvensar av våre aktivitetar. Det har ikkje vore uhell eller hendingar i 2020 som har ført til utslipp eller skadar på det ytre miljøet.

Oppgraderinga av nye Skulafossen kraftstasjon gjer at me no utnyttar vatnet på ein betre måte. I tillegg er den nye røyrgata lagt i fjell, og den gamle røyrgata som låg i dagen er fjerna.

Også i 2020 er det sett ut 500 fiskeyngel i Krokavatnet.

#### **SAMFUNNSBEDRIFT**

Kvam Energi er ei viktig lokal samfunnsbedrift som har ansvar for å levera samfunnskritiske tenester i Kvam. Me har stort fokus på kvalitet og leveringstryggleik. I tillegg



er me ein stor arbeidsplass og ei aktiv lærebedrift. Konsernet Kvam Energi bidreg monaleg til den lokale verdiskapinga gjennom kjøp av varer og tenester.

#### FRAMTIDSUTSIKTER

Strategiplanen danner grunnlag for korleis konsernet Kvam Energi skal driva og utvikla forretningsverksemda si i åra framover. Med bakgrunn i endringa av energilova (2017) vart det selskapsmessige skiljet gjennomført og konsernmodell oppretta med

verknad frå 2020. Grunnlaget for god og forretningsmessig drift i tråd med gitte rammebetingelsar er såleis tilstades.

For konsernet og Kvam Kraftverk, står kraftproduksjonen for ein stor del av overskotet i verksemda. Det er difor viktig å sikra produksjonsmidlane. Fornyinga av Skulafossen kraftstasjon og ferdigstillinga av denne, var difor viktig i så måte. Både Kaldestad- og Skulafossen kraftstasjon har reguleringsmagasin og inngår

i konsernet sin beredskap for straumforsyningstryggleiken i nettområdet.

Kvam Kraftverk har etter kvart ein godt utbygd fiberinfrastruktur i Kvam. Ein forventar difor at investeringane i nye områder vert kraftig redusert dei komande åra.

Kvam Energi Nett er ei monopolverksemd som er strengt regulert gjennom ulike lover og forskrifter. Det vil dei næraste åra truleg koma fleire endringar som vil krevje tilpassingar. Me er godt budde på dette.

Kvam Energi Nett har som målsetjing at distribusjonsnettets skal vera optimalt med tanke på kvalitet, teknikk og økonomi. Dette medfører kontinuerlege tiltak og investeringar som reduserer tap i fordelingsnettets.

Me har både ei investerings- og tilknytingsplikt i forhold til nye kundar i straumnettets. Me forventar at meir elektrifisering vil føre til auka nettinvesteringar.

Nokre av moglegheitene dei nye AMS målarane og innsamlingssystemet gjev oss er mellom anna betre overvaking av nettstasjonar og jordfeildeteksjon. Vidareutvikling av Valider sitt driftssystem/dashbord vil difor vere viktig for oss.

#### KOMANDE INVESTERINGAR

På same viset som tidlegare år har konsernet i 2020 brukt betydelege midlar på investeringar. Den største enkeltposten er ferdigstillinga av Nye Skulafossen kraftstasjon med om lag 29 mill. kroner. Til saman er det utført investeringar i 2020 i størrelsesorden 53,4 mill. kroner.



Det er forventa og planlagt for langt lågare investeringar dei nærmaste åra. Spesielt gjeld dette for kraftproduksjonen og fibernettet. For straumnettet vil det også framover vere eit høgt investeringsnivå, dette for å sikre stabil og effektiv leveranse til våre kundar med tanke på kvalitet, teknikk, økonomi og spenningstap.

### FINANSIELL RISIKO

Verksemnda har måltal for kor mykje likviditetsreserve (arbeidskapital) som skal vera tilgjengeleg til ei kvar tid. Risikoeksponeringa skal vera middels i høve til moglege tap. Gjennom 2020 har det vore tett dialog mellom verksemnda og banken vedkomande dette emnet, dette for å sikre tilstrekkeleg likviditet gjennom eit krevjande år med låge prisar og høge investeringar.

Konsernet har ein vesentleg renterisiko knytt til den delen av pantelånet som gjelder produksjon og fiber. Dette gjer at avtalen om fastrente (renteswap) er reforhandla i 2020, og utgjer no om lag 40 % av den langsiktige gjelda.

Konsernet har etablerte rutinar og interne styringsreglar for å avgrense kredittrisikoen knytt til alle uteståande krav. Dette gjelder både kraft- og nettlege krav.

Valutarisikoen for verksemnda er først og fremst knytt til eventuell handel av kraft og elsertifikat i framand valuta, samt generelle innkjøp frå utlandet. Valutarisiko gjennom kraftmarknaden er minimert gjennom avtale med Fjordkraft som handsamar kjøp og sal av kraft for verksemnda. Oppgjer mellom Kvam Kraftverk og Fjordkraft vert gjort i norske kroner.

Pris- og volumrisiko er sterkt til stades under verksemdsområda kraftomsetnad og kraftproduksjon. Det er etablert risikopolicy og rutinar for å minimera både pris- og volumrisiko knytt til dei ulike kraftavtalane til sluttbrukarar. Innkjøp av kraft for vidaresal til sluttbrukarar går gjennom alliansepartnar Fjordkraft, småkraftprodusentar og frå eigen produksjon av kraft.

Prisrisiko knytt til kraftproduksjon kan handsamast gjennom prissikring av inntil 50 prosent av normal produksjon i inneverande kalendarår, og fram til utgangen av neste kalendarår. Prissikringa kan overstiga 50 prosent i periodar av året, men skal i snitt ikkje overstiga denne grensa

### KORONA

Heile samfunnet har i 2020 vore sterkt påverka av korona-pandemien. I lange periodar har næringslivet vore nedstengt, og arbeidsløysa har vore høgare enn på mange år. Energibransjen består av fleire samfunnskritiske funksjonar og det er i 2020 gjennomført ei rekkje tiltak for å hindre smittespreiing og såleis sikre kraftforsyninga, fyrst og fremst til lokalsamfunnet for vår verksemd sin del.

Konsernet har innført ei rekke smitteverntiltak for å sikre at ein ikkje skal koma opp i ein vanskeleg bemanningssituasjon. Mellom anna har driftspersonell i Kvam Energi Nett vore delte i to ulike oppmøtestadar i Kvam. I tillegg har det vore utstrakt bruk av heimekontor for mange av dei tilsette. Koronasituasjonen har ikkje påverka forsyningstryggleiken for straum i Kvam.

Koronasituasjonen, som framleis pågår, kan påverke konsernet og selskapa gjennom reduserte inntekter og kundar som får betalingsvanskar. Dette kan også svekke likviditeten til konsernet.

Leiinga og styret føl utviklinga tett og vurderer både noverande og komande konsekvensar for selskapet og for drifta.

### DISPONERING AV OVERSKOTET I KONSERNET KVAM ENERGI AS

Styret føreslår at overskotet for 2020 vert disponert slik:

Føreslege utbytte	kr 7 700 000
Overført til annan eigenkapital	kr 2 322 397
<b>Sum overføringar</b>	<b>kr 10 022 397</b>



Kvam Energi Nett AS er eit heileigd dotterselskap av Kvam Energi AS. Selskapet vart skipa 16. oktober 2019 i samband med omorganisering til konsernstruktur for Kvam Kraftverk AS. Verksemda har områdekonsesjon for bygging og drift av straumnett i Kvam.

#### ØKONOMI

Driftsrekneskapen viser eit resultat før finans og skatt på 9.697 mill. kroner. Dette gjev eit driftsresultat på 16,8 prosent. Resultat etter skatt vart 6.246 mill. kroner.

#### VIDARE DRIFT

Styret stadfestar at rekneskapen for 2020, med vurdering av soliditet og inntening, gjev godt grunnlag for vidare drift av verksemda. Inntektsramme for nettverksemda Nettinntektene er fastlagde av ei inntektsramme frå Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE). I tillegg kjem nettleigekostnader til overliggande nett og eigedomsskatt på nettverksemda. I 2020 vart inntektsramma på 39,9 mill. kroner. Eigedomsskatten var på 1,75 mill. kroner, fjerning av tidsetterslep investeringar på 2,7 mill. kroner og kostnader til overliggande nett på 10,5 mill. kroner. Kostnad med KILE vert trekt i frå og utgjorde 0,9 mill. kroner. Totalt tilleten nettinntekt vart då 54 mill. kroner. Faktisk inntekt frå nettleigetariffane og andre nettinntekter var på 53,9 mill. kroner. Berekna meirinntekt ved utgangen av 2020 var på om lag 5,4 mill. kroner.

#### DRIFT OG VEDLIKEHALD AV STRAUMNETTET

Ved utgangen av året hadde verksemda 257 km høgspennett og 404 fordelingstransformatorar. I 2020 vart det bygt 4 km med nytt høgspennett. Høgspennettluftnett var uendra. Det er montert og sett i drift 5 nye nettstasjonar. Ved utgangen av året var det i alt 654 km lågspennett, ein auke på 4 km frå 2019.

Nokre av dei større prosjekta i 2020 har vore:

- Ny nettstasjon med til høyrande høg- og lågspennett på Skutlaberg.
- Nytt koplingsanlegg og nettstasjon i Skulafossen.
- Ombygging frå mastetrafo til nettstasjon ved Sabrekken og på Byrkjeseter.
- Legging av høg- og lågspennettkablar i Byrkjesetevegen for fjerning av 22kV linje til Byrkjeseter, samt bygging av ny nettstasjon.
- Ny nettstasjon og flytting av høgspennettkablar i tilknytning til industriområdet i Sandvenhagen.
- Forna delar av høgspennlinje frå Lilletveit mot Kjepso. 800 meter med hengkabel.
- Ny trafokiosk på Lilletveit.

- Ny trafokiosk ved Tørvikbygd ferjekai for lading av elferja.
- Forna trafo Kviesletta grunna ny 1000 V linje til fiskeoppdrettsanlegg.
- Ombygging av trafo i Ljonesvågen til 3-vikla trafo og 230V anlegg.
- Utskifting av eldre gatelys til led-belysning langs kommunale og fylkeskommunale vegar i Kvam.
- Bygging av nytt lågspennett for Tryglakleiv hyttefelt på Kvamskogen.

#### BEREDSKAP OG FORSYNINGS-TRYGGLEIK

Verksemda brukar betydelege ressursar på førebyggjande beredskapsarbeid på straumnettet, og ein har til ei kvar tid minst to personar i beredskapsvakt. Ved varsel om krevjande værtilstandar vert risikoreduserande tiltak som utkalling av ekstra mannskap i vaktstyrken, vurdert løpande.

Det har vore nokre hendingar og feilsituasjonar i 2020 som har ført til utkoblingar. Følgjande kan nemnast:

- 10 februar: utfall i området Strandebarm som følgje av steinras på midlertidig 22 kV kabel ved gamle Skulafossen kraftstasjon.

- 16 februar: utfall frå Norheimsund trafo mot Skulafossen/Kolltveit/Nes. Årsaka var feil i ein trafo på Oma.
- 25 mars: koblingsfeil på brytar i Øystese sekundærstasjon førte til utfall i delar av Øystese.
- 6 august: ekorn førte til brann i overgang mellom 22 kV linje- og kabel i Sundsvik, med påfølgande utkobling i områda Norheimsund og Tolomarka.
- 8 august: utfall i deler av Norheimsund grunna feil på 22 kV kabel på Kaldestad.
- 28 oktober: lyn/ torden forårsaka utkobling av linje mellom Kaldestad og Kolltveit.

Alle beredskaps- og feilsituasjonar på straumnettet har også i 2020 vorte handsama på ein god og effektiv måte.

#### DET LOKALE ELTILSYN (DLE)

Kvam Energi Nett utfører eltilsyn i forsyningsområdet. Dette omfattar fysisk kontroll av elektriske anlegg, revisjon av elektroentreprenørar, samt opplæring og informasjon om eltryggleik til mellom anna skuleklassar, pensjonistar, Kvam vaksenopplæring og heimhjelpa. Ein yter også bistand til politiet i brannetterforsking.

I 2020 vart det til saman gjennomført 313 verifikasjonar/tilsyn i privathus, hytter, næringsbygg o.a. Dette er noko mindre enn tidlegare år, og skuldast koronasituasjonen.

I løpet av 2019 og 2020 vart det avdekkja fleire større avvik og manglar ved nyare elanlegg i vårt tilsynsområde. Felles for dei var at arbeidet har vore utført av eit registrert elektroforetak utanfor Kvam. Funna vart rapportert vidare til DSB, og det vart sett av ekstra ressursar til vidare oppfølging.

Fleire anlegg med el-feil og potensiell brannfare vart avdekkja under dette arbeidet i 2020. Funna vart rapportert vidare til DSB og til det nettselskapet som har ansvar for revisjon av det aktuelle elektroforetaket.

Ressursbruk knytt til DLE utgjorde 1,2 årsverk ved Kvam Energi Nett i 2020.

#### STRAUMMÅLING

Myndighetene set krav til kvalitet og tidspunkt for innsamling og levering av måleverdiar, og er noko me har fokus på.

Også i 2020 har det vore noko arbeid med installasjon av nye AMS målarar. Dette har i hovudsak vore til kundar og anlegg som har vore vanskelege å få avtale med tidlegare.

Det står fortsatt att å skifte nokre målarar hjå kundar som har søkt om fritak, eller har nekta av uviss grunn.





## Kvam Kraftverk AS

I samband med innføring av selskapsmessig skille og etablering av konsernstruktur, vart eigarskapet til selskapet overført frå Kvam herad til Kvam Energi AS frå 27. september 2019. I tillegg vart nettverksemda i 2020 skilt ut i eit eige selskap (Kvam Energi Nett AS).

Kvam Kraftverk sine verksemdsområder er no kraftomsetnad, vasskraftproduksjon, utbygging og drift av fibernett, samt noko anna sekundær verksemd. Verksemda vart skipa i 1913 og omdanna til aksjeselskap i 1998.

### ØKONOMI

Driftsrekneskapen viser eit resultat før finans og skatt på 6,047 mill. kroner. Dette gjev eit driftsresultat på 13,1 prosent. Resultat etter skatt vart 3,618 mill. kroner.

### VIDARE DRIFT

Styret stadfestar at rekneskapen for 2020, med vurdering av soliditet og inntening, gjev godt grunnlag for vidare drift av verksemda.

### KRAFTPRODUKSJON

Kvam Kraftverk eig og driv tre kraftstasjonar i Kvam. Dette er Kaldestad kraftstasjon i Norheimsund, Skulafossen kraftstasjon i Strandebarm og Sekkelva kraftverk i Øystese. Samla kraftproduksjon i 2020 var på 56,82 GWh.

1,3 GWh vart levert som konsesjonskraft til Kvam herad, og resten vart seld i marknaden til 6,1 mill. kroner. Gjennomsnittleg oppnådd kraftpris for produksjonen var på 11,0 øre/kWh i 2020 mot 38,7 øre/kWh i 2019.

Samla magasinufylling 1. januar 2020 var på 7,4 GWh (72,1 %). Ved utgangen av året var magasinufyllinga 6,1 GWh (59,4 %).

Arbeidet med bygginga av nye

Skulafossen kraftstasjon har gått sin gang i 2020, og 18. desember vart den nye kraftstasjonen sett på prøvedrift. Den gamle kraftstasjonen, med maskiner frå 1950, var i produksjon fram til den vart stoppa for siste gong 14. juni. Dette har vore eit stort og viktig arbeid for verksemda og prosjektet har gått bra både økonomisk og i høve framdrifta.

#### KRAFTOMSETNAD

Målsetjing og styringsdokument for kraftomsetnad er gitt av "Marknadsplan" og "Risikopolicy for Kvam Kraftverk AS". Totalt kraftsal i 2020 var på 122,5 GWh mot 124,5 GWh i 2019. Av dette vart 13,0 GWh levert til kundar i andre nettområde.

Marknadsandelen i eige nettområde målt i tal kontraktar var 77,4 % i 2020. Tal på kontraktar i andre nettområde har vore stabilt i 2020. Av kraftomsetnaden vart 25 GWh produsert i dei lokale småkraftverka, 53,4 GWh vart produsert i eigne kraftverk, og dei resterande 44,1 GWh vart kjøpt inn eksternt.

#### FIBERNETT VERKSEMD

Verksemda sitt fibernett er sett saman av stamnett, hovudnett, fiberaksessar og nodestasjonar som knyter det digitale nettet saman til ein fiberinfrastruktur.

Fibernettet vert leigd ut til Kvam herad, Kvamnet, BKK Fiber, NextGenTel, Bergen Fiber og Broadnet. Alle bortsett frå Kvamnet leiger lys fiber. Kvam Kraftverk er oppteken av at fibernettet tilfredsstillar høge krav til kvalitet og oppetid.

Brukarane av fibernettet er både verksemdar og private. Fibersamband vert også nytta til styring og overvaking av straumnettet, vassforsyningsanlegg, bygg og tekniske installasjonar.


Norheimsund den 12. mai 2021



Gunnar Skeie  
Styreleiar




Anne Marie Øvrevik  
Nestleiar



Merete Salvesen Wallevik  
Styremedlem



Vidar Riber  
Styremedlem



Gunnar Mundheim  
Tilsett valgt styremedlem



Arne Tillung  
Adm. direktør

# Resultatrekneskap

MOR			KONSERN		
27.9.-31.12.2019	2020	NOTAR	DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSTKOSTNADER	2020	27.9.-31.12.2019
0	0	1, 9	Energisal	36 926 850	20 621 455
0	0	1	Inntekter overføring	52 773 851	13 029 305
0	6 355 715	1	Andre driftsinntekter	12 169 118	3 832 423
0	6 355 715		Sum driftsinntekter	101 869 819	37 483 183
			Aktivering investeringsarbeid	-6 774 990	-1 541 582
0	0	1	Energikjøp	25 765 124	16 529 551
0	0	1	Overføringstenester	11 125 326	2 741 772
0	4 344 530	1, 2, 6	Lønskostnader	28 579 070	7 516 573
0	2 534	3	Ordinær avskrivning	12 093 521	2 826 153
0	0	3	Nedskrivning	0	1 569 232
0	1 766 481	1, 2	Annan driftskostnad	15 096 066	3 620 026
0	6 113 545		Sum driftskostnader	85 884 117	33 261 725
<b>0</b>	<b>242 169</b>		<b>Driftsresultat</b>	<b>15 985 702</b>	<b>4 221 458</b>
<b>FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER</b>					
7 100 000	0		Inntekt på investering i dotterselskap	0	0
0	4		Renteinntekt	127 394	73 764
0	0		Annan finanskostnad	3 750	0
270	26 529		Rentekostnad	3 189 953	1 089 964
7 099 730	-26 525		Resultat av finanspostar	-3 066 309	-1 016 200
<b>7 099 730</b>	<b>215 644</b>		<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>	<b>12 919 393</b>	<b>3 205 258</b>
<b>0</b>	<b>-57 348</b>	<b>9</b>	<b>Skattekostnad på ordinært resultat</b>	<b>-2 896 996</b>	<b>-835 834</b>
<b>7 099 730</b>	<b>158 296</b>		<b>Resultat i året</b>	<b>10 022 397</b>	<b>2 369 424</b>
<b>OVERFØRINGAR</b>					
7 100 000	7 700 000		Forslag til utbyte	7 700 000	7 100 000
0	0		Overført til annan egenkapital	2 322 397	0
-270	-7 541 704		Overført frå overkurs	0	-4 730 577
<b>7 099 730</b>	<b>158 296</b>		<b>Sum overføringar</b>	<b>10 022 397</b>	<b>2 369 425</b>

# Balanse per 31. desember

MOR		NOTAR	EIGA	KONSERN	
2019	2020			2020	2019
<b>Anleggsmidler</b>					
<b>Immateriell eiga</b>					
0	65 739	8	Utsett skattefordel	115 371	1 977 533
0	65 739		Sum immateriell eiga	115 371	1 977 533
<b>Varige driftsmidler</b>					
0	0	3	Anlegg, bygninger og annen fast eiendom	313 773 833	252 874 464
0	37 103	3	Maskiner, transportmidlar og inventar	8 471 818	28 166 091
0	37 103		Sum varige driftsmidler	322 245 651	281 040 555
<b>Finansielle anleggsmidler</b>					
133 161 000	133 161 000	12	Investeringer i dotterselskap	0	0
0	0		Langsiktige krav	297 656	297 656
0	0	12	Investeringer i aksjar og andelar	2 228 664	2 169 927
0	500 829	6	Pensjonsmidlar	4 607 530	3 440 498
133 161 000	133 661 829		Sum finansielle anleggsmidler	7 133 850	5 908 081
<b>133 161 000</b>	<b>133 764 671</b>		<b>Sum anleggsmidler</b>	<b>329 494 872</b>	<b>288 926 169</b>
<b>Omlaupsmidler</b>					
0	0		Materiellager	4 094 511	4 135 475
<b>Fordringar</b>					
0	0		Kundefordringar	24 865 349	29 223 216
7 100 000	12 340 074	14	Fordring på konsernselskap	0	0
0	96 701		Andre fordringar	2 680 040	5 715 508
7 100 000	12 436 775		Sum fordringar	27 545 390	34 938 725
0	468 155	11	Bankinnskot, kontantar o.l.	7 993 102	3 390 864
<b>7 100 000</b>	<b>12 904 930</b>		<b>Sum omlaupsmidler</b>	<b>39 633 003</b>	<b>42 465 064</b>
<b>140 261 000</b>	<b>146 669 602</b>		<b>SUM EIGA</b>	<b>369 127 876</b>	<b>331 391 230</b>


# Balanse per 31. desember

MOR			KONSERN		
2019	2020	NOTAR	EIGENKAPITAL OG GJELD	2020	2019
<b>Eigenkapital</b>					
<b>Innskoten eigenkapital</b>					
10 000 000	10 000 000	4, 5	Aksjekapital	10 000 000	10 000 000
123 125 030	119 447 876	5	Overkursfond	118 389 025	118 389 025
133 125 030	129 447 876		Sum innskoten eigenkapital	128 389 025	128 389 025
<b>Opptent eigenkapital</b>					
0	0	5	Annan eigenkapital	2 043 237	0
0	0		Sum opptent eigenkapital	2 043 237	0
Minoritetsinteresser				0	0
<b>133 125 030</b>	<b>129 447 876</b>		<b>Sum eigenkapital</b>	<b>130 432 262</b>	<b>128 389 025</b>
<b>Gjeld</b>					
<b>Avsetjing for forpliktingar</b>					
0	0		Andre avsetjingar for forpliktingar	894 000	894 000
0	0		Sum avsetjing for forpliktingar	894 000	894 000
<b>Anna langsiktig gjeld</b>					
0	0	7, 14	Gjeld til kredittinstitusjonar	120 487 811	129 749 870
0	0		Sum anna langsiktig gjeld	120 487 811	129 749 870
<b>Kortsiktig gjeld</b>					
270	0		Gjeld til kredittinstitusjonar	73 951 575	21 693 996
0	561 156		Leverandørgjeld	12 339 971	15 200 850
0	137 998	8	Betalbar skatt	1 034 804	2 485 515
0	2 014 353		Skuldige offentlege avgifter	10 243 270	12 252 885
7 100 000	7 700 000		Utbyte	7 700 000	7 100 000
35 700	6 501 273		Gjeld til konsernselskap	0	0
0	306 946		Anna kortsiktig gjeld	12 044 183	13 625 089
7 135 970	17 221 726		Sum kortsiktig gjeld	117 313 803	72 358 335
<b>7 135 970</b>	<b>17 221 726</b>		<b>Sum gjeld</b>	<b>238 695 614</b>	<b>203 002 205</b>
<b>140 261 000</b>	<b>146 669 602</b>		<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>	<b>369 127 876</b>	<b>331 391 230</b>


Norheimsund den 12. mai 2021

  
Gunnar Skeie  
Styreleiar

  
Anne Marie Øvrevik  
Nestleiar

  
Merete Salvesen Wallevik  
Styremedlem

  
Vidar Ribber  
Styremedlem

  
Gunnar Mundheim  
Tilsett valgt styremedlem

  
Arne Tillung  
Adm. direktør



# Kontantstrømoppstilling

MOR			KONSERN	
2019	2020	KONTANTSTRAUM FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETAR	2020	2019
7.099.730	215.644	Ordinært resultat før skattekostnad	12.919.393	3.205.258
0	0	Betalt skatt i perioden	-2.485.515	-2.971.052
0	0	Ordinære avskrivningar/nedskrivningar	12.093.521	4.395.385
0	0	Pensjonskostnad utan kontanteffekt	-1.167.032	50.504
-7.064.300	4.228.182	Endring i konsernmellomværender	0	0
0	0	Endring i varer	40.964	-167.475
0	0	Endring i kundekrav	4.357.867	-6.929.275
0	561.156	Endring i leverandørgjeld	-2.860.879	10.890.850
-5.700	2.602.810	Endring i andre omløpsmidlar og andre gjeldspostar	-741.760	1.134.345
<b>29.730</b>	<b>7.607.792</b>	<b>Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar</b>	<b>22.156.559</b>	<b>9.608.540</b>
<b>KONTANTSTRAUM FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR</b>				
0	-39.637	Utbetalningar ved kjøp av varige driftsmidlar	-53.391.374	-8.584.697
-30.000	0	Utbetalningar ved kjøp av aksjar	-58.737	0
0	0	Utbetalningar ved kjøp av finansielle anleggsmidlar	0	-175.927
<b>-30.000</b>	<b>-39.637</b>	<b>Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar</b>	<b>-53.450.111</b>	<b>-8.760.624</b>
<b>KONTANTSTRAUM FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR</b>				
0	0	Utbetalningar ved nedbetaling av langsiktig gjeld	-9.262.059	-15.762.560
270	0	Netto endring i kassekreditt	52.257.849	18.220.996
0	-7.100.000	Utbetaling av utbyte	-7.100.000	0
<b>270</b>	<b>-7.100.000</b>	<b>Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar</b>	<b>35.895.790</b>	<b>2.458.436</b>
<b>Effekt av valutakursendringer på bankinnskot, kontantar o.l.</b>				
0	468.155	Netto endring i bankinnskot, kontantar o.l.	4.602.238	3.306.352
0	0	Behaldning av bankinnskot, kontantar o.l. pr. 1.1.	3.390.864	84.512
<b>0</b>	<b>468.155</b>	<b>Behaldning av bankinnskot og verdipapir o.l. pr. 31.12.</b>	<b>7.993.102</b>	<b>3.390.864</b>

# Notar til rekneskapen 2020

## Note 0 – Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998 og god rekneskapskikk i Norge. Konsernet Kvam Energi AS er etablert i 2019 og fjorårets tall omfatter perioden 27.9.2019 til 31.12.2019.

### Konsolideringsprinsipp

Konsernrekneskapen omfatter Kvam Energi AS med dotterselskap der Kvam Energi AS har bestemmande innflyting som følger av juridisk eller faktisk kontroll. Dette omfatter Kvam Kraftverk AS og Kvam Energi Nett AS.

Konsernrekneskapen er utarbeidd etter einsarta rekneskapsprinsipp for like transaksjonar i alle selskapa som inngår i konsernrekneskapen. Alle vesentlege transaksjonar og mellomverande mellom selskap som inngår i konsernet er eliminert. Investeringar i selskap der konsernet har betydeleg innflyting (tilknytt selskap) vert behandla etter eigenkapitalmetoden i konsernrekneskapen. Betydeleg innflyting føreligg normalt når konsernet eig frå 20 til 50 prosent av den stemmeberettiga kapitalen.

### Hovudregel for vurdering og klassifisering av eignelutar og gjeld

Eignelutar for varig eige eller bruk er klassifiserte som anleggsmidlar. Andre eignelutar er klassifiserte som omlaupsmidlar. Fordringar som skal attendebetalast innan eitt år er klassifiserte som omlaupsmidlar. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende kriteriar lagt til grunn.

Omlaupsmidlar vert vurderte til det lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi.

Anleggsmidlar er vurderte til anskaffingskost, men vert nedskrive til gjenvinnbart beløp dersom dette er lågare enn bokført verdi og verdifallet er forventa ikkje å vere forbigående. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid vert avskrive planmessig.

Anna langsiktig gjeld og kortsiktig gjeld er vurdert til pålydande beløp.

### Andre aksjar og andelar klassifisert som anleggsmidlar

Aksjar og investeringar er vurdert etter kostmetoden. Investeringane vert nedskrive til verkeleg verdi ved verdifall som er forventa ikkje å være forbigående. Motteke utbyte frå selskapa vert inntektsført som annan finansinntekt.

### Materiallager

Materiallager er vurdert til laveste av anskaffingskost og verkeleg verdi.

### Magasinbeholdning

Magasinbeholdning er ikkje balanseført i samsvar med praksis i bransjen. Sjå nærare om dette i note 11.

### Fordringar

Kundefordringar og andre krav vert oppførte med pålydande etter frådrag for avsetnad til forventa tap. Avsetnad til tap på krav vert gjort på grunnlag av individuell vurdering av dei einskilde krava.

### Bankinnskott, kontantar og liknande

Bankinnskott, kontantar o.l. inkluderer kontantar, bankinnskott og andre betalingsmidlar med forfallsdato som er kortare enn tre månader frå anskaffing.

### Pensjonar

Selskapet har kollektiv pensjonsordning for dei tilsette. Ordning er ein ytingsplan, det vil seie at selskapet har det økonomiske ansvaret for at dei tilsette får dei avtalte yttingane. Ved rekneskapsføring av pensjon som er ytingsplan, blir forpliktinga kostnadsført over oppteningstida i henhold til planen sin oppteningsformel. Alloke- ringsmetode tilsvarar planen sin oppteningsformel med mindre det vesentlege av oppteninga skjer mot slutten av oppteningsperioden. Lineær opptening vert då lagt til grunn. For pensjonsordningar etter lov om foretaks- pensjon vert såleis lineær opptening brukt. Estimatavik og effekt av endra føresetnader vert amortisert over forventa attverande oppteningstid i den grad dei overstig 10% av den største av pensjonsforpliktingane og pensjonsmidlane (korridor). Planendringar vert fordelt over attverande oppteningstid. Arbeidsgjevaravgift er inkludert i tala.

### Skattar

I tillegg til ordinære overskotsskattar, er kraftlag i samband med produksjon

av kraft også pålagt natur ressursskatt og grunnrenteskatt. Eigedomsskatt er ført som driftskostnad.

Overskotsskatten er samanstillt med rekneskapsmessig resultat før skatt. Skattekostnaden består av betalbar skatt og endring i utsett skatt. Utsett skattefordel og utsett skatt vert presentert netto i balansen, og netto utsett skattefordel vert balanseført i den grad det vert synleggjort at den vil verta realisert i framtida.

Naturressursskatt er pålagt kraftproduksjon med 1,1 øre pr. kwh som kommunal skatt og 0,2 øre som fylkeskommunalskatt. Grunnlaget er gjennomsnittleg kraftproduksjon siste 7 år. Naturressursskatten vert samordna med overskotsskatt.

Grunnrenteskatt er pålagt kraftverk med merkeyting over 10.000 kVa. Ingen av kraftsitasjonane som Kvam Kraftverk eig kjem inn under denne regelen pr. i dag.

### Overføringsinntekt/nettregulering

Nettdrift vert fastsett av styresmaktene ved at Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE) årleg fastset inntektsrammer for kvart selskap.

Inntektsramma vert fastsett på bakgrunn av faktiske historiske kostnader, verdien av selskapet sin nettkapital og målt effektivitet samanlikna med andre tilsvarende selskap. Inntektene vert i tillegg regulert i forhold til mengda leveringsavbrot i løpet av året, generell pris og renteutvikling.

Meir-/mindreinntekt er differansen mellom inntektsramma og faktiske innbetalte nettleigeinntekter. Meirinntekt skal renteberekast med rentesats fastsett av NVE og tilbakeført til kundane. Mindreinntekt kan Kvam Kraftverk AS velje å krevja inn frå kundane.

### Anleggsbidrag/offentlege tilskot

Anleggsbidrag frå det offentlege og private til investeringar, har gått til frådrag på aktiverte verdiar.

### Inntekter

Inntekt vert rekneskapsført når den er opptent, det vil sei når risiko og kontroll er overført kunden. Inntektene vert rekneskapsført med verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet.

Inntekt frå energisal vert rekneskapsført ved levering. Realiserte inntekter frå fysisk og finansiell handel i energikontrakter vert presentert som energisal. Vinst og tap ved finansiell sikring vert presentert netto.

### Kostnader

Kostnader vert rekneskapsført som hovudregel i same periode som tilhøyrande inntekt. Der det ikkje er ein klar samanheng, vert det føreteke skjønsmessig fordeling mellom periodane.

### Vedlikehald

Det er utført naudsynt vedlikehald på alle anleggsdelar. Det er ikkje føreteke avsetjing for utsett vedlikehald fordi kostnadene kjem til jamt over levetida. Vedlikehald/reinvestering som medfører vesentleg lengre levetid og inntening, vert aktivert.

### Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd med basis i den indirekte metoden. Dette inneber at ein i analysen tek utgangspunkt i årsresultatet for å kunne presentere kontantstraumar som er tilført frå høvesvis ordinær drift, investeringsaktivitetar og finansieringsaktivitetar.

### Fisjon og fusjon

Med rekneskapsmessig verknad frå 1.1.2020 har Kvam Kraftverk AS fisjonert ut verksemdsområde kraftoverføring til Kvam Energi Nett AS, samt tilsette tilknytt administrasjon til Kvam Energi Adm. Kvam Energi Adm er fusjonert med Kvam Energi AS i 2020. Fusjonen har rekneskapsmessig verknad frå 1.1.2020.

Det er dermed etablert ein konsernmodell der verksemda for produksjon og kraftomsetjing, samt verksemda for nett ligg i egne dotterselskap som vert eigd 100 % av Kvam Energi AS. Fisjonen er gjennomført for å tilpasse strukturen i selskapet til endringar i rammelovgjevninga for energiselskap.

Fisjonen og fusjonen er gjennomført til rekneskapsmessig og skattemessig kontinuitet

**NOTE 1 – SEGMENTINFORMASJON KONSERN (tal i heile tusen)**

Driftsinntekter	Kraft- omsetnad	Produksjon	Nett- verksemd	Sek. verksemd / eliminering konsern	Fibernet	Sum
Netto energisal	30.910	6.116				37.026,0
Merinntekt inkl korleksjon tidl år			-538			-538,0
Nettleige		-	53.301			53.301,0
Andre driftsinntekter	1.009	-	3.541	394	7.147	12.091,0
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>31.919</b>	<b>6.116</b>	<b>56.304</b>	<b>394</b>	<b>7.147</b>	<b>101.879,0</b>

**Driftskostnader**

Kraftkjøp	24.260		353			24.613,0
Finansiell handel	-	-				0,0
Andre varekostnader	-	350	1.538		8	1.896,0
Tap i nettet			1.030	-		1.030,0
Nettleigekostnader		599	10.525			11.124,0
Løn og andre personalkostnader	834	676	14.965	4.440	889	21.804,0
Andre driftskostnader	2.200	2.469	10.464	-5.871	2.240	11.502,0
Eigedomsskatt	-	-	1.758	-	-	1.758,0
Ordinære avskrivningar	61	544	7.049	233	4.182	12.069,0
Tap på fordringar	-150	-	193	28	20	91,0
Kostnader før konsernetablering						0,0
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>27.205</b>	<b>4.638</b>	<b>47.875</b>	<b>-1.172</b>	<b>7.339</b>	<b>85.884,0</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>4.714</b>	<b>1.478</b>	<b>8.429</b>	<b>1.566</b>	<b>-192</b>	<b>15.985,0</b>

**BEREKNING AV MEIR-/MINDREINTEKT INKLUSIVE KILE**

Sum nettleigeinntekt	52.784
Andre inntekter (inkl. morarenter)	1.169
<b>Sum faktisk nettleigeinntekt</b>	<b>53.953</b>
Fastsett initiell inntekt i eige nett (-)	-39.926
KILE-kostnader	881
Fjerning av tidsetterslep investeringar	-2.675
Kostnader ved overliggjande nett (-)	-10.525
Eigedomsskatt	-1.758
<b>Total inntektsramme</b>	<b>-54.003</b>
<b>Meir- (+)/mindreinntekt (-) i året</b>	<b>-51</b>

**AVKASTINGSGRUNNLAG**

	Gj.snitt
Driftsmidlar	190.707
Kundespesifikke anlegg	0
Felles anleggsmidlar	0
Netto arbeidskapital (påslag 1%)	1.907
<b>Sum avkastingsgrunnlag</b>	<b>192.614</b>
<b>Avkastig %</b>	<b>4,3%</b>

**NOTE 2 – LØNSKOSTNAD, TAL PÅ TILSETTE, GODTGJERSLER**

MOR			KONSERN	
2019	2020	Lønskostnad	2020	2019
0	3.134.324	Løn	22.243.233	5.716.336
0	357.737	Arbeidsgjevaravgift	2.665.700	807.745
0	704.588	Pensjonskostnader (ref. note 7)	3.211.864	977.554
0	147.881	Anna godtgjersle	458.273	14.938
<b>0</b>	<b>4.344.530</b>	<b>Sum</b>	<b>28.579.070</b>	<b>7.516.573</b>
0	3	Gjennomsnittleg tal på tilsette	31	33

Ytingar til leiande personar	Løn (honorar)	Pensjonskostnader	Anna godtgjersle
Adm. direktør	1.231.274	14.530	5.752
Styret	412.000	0	0

**Revisor**

Utbetalt godtgjersle til Deloitte AS og samarbeidande selskap fordeler seg som følgjer:

MOR	2020
Lovpålagt revisjon	30.000
Rekneskapsteknisk bistand	128.190
Andre tenester utanfor revisjon *)	76.970
<b>Sum</b>	<b>235.160</b>

\*) Beløpet inkluderer kr 69.970 som er fakturert frå Deloitte Advokater AS.

KONSERN	2020	2019
Lovpålagt revisjon	250.000	225.422
Rekneskapsteknisk bistand	248.797	70.000
Andre attestasjonstenester	40.500	45.500
Andre tenester utanfor revisjon *)	112.878	405.380
<b>Sum</b>	<b>652.175</b>	<b>746.302</b>

\*) Beløpet inkluderer kr 112 878 som er fakturert frå Deloitte Advokater AS i 2020 og kr 206.580 i 2019.

## NOTE 3 - VARIGE DRIFTSMIDLAR

MOR	Kontormaskiner
Anskaffingskost pr. 1.1.	0
Tilgang i året	39.637
Avgang til anskaffingskost	0
Anskaffingskost pr. 31.12.	39.637
Akkumulerte av-/nedskrivningar pr. 1.1.	0
Avskrivningar i året	2.534
Akkumulerte av-/nedskrivningar pr. 31.12.	2.534
<b>Bokført verdi pr. 31.12.</b>	<b>37.103</b>
Lineære avskrivningar	3-5 år

### KONSERN

	Goodwill	Tomter, vegar	Kraftstasjoner inkl. andel i maskiner m.m.	Distribusjonsnett	Fibernet	Bygningar	Drifts- lausøyre, inventar, verktoy o.l.	Sum
Anskaffingskost pr. 1.1.	1.987.000	9.382.424	63.249.551	328.275.562	81.660.052	15.855.483	23.875.103	524.285.175
Tilgang	0	97.964	2.943.469	17.894.270	3.402.500	0	2.427.784	26.765.987
Avgang	0	0	0	92.396	0	0	0	92.396
Anskaffingskost pr. 31.12.	1.987.000	9.480.388	66.193.020	346.077.436	85.062.552	15.855.483	26.302.887	550.958.766
Akkumulerte avskrivningar pr. 1.1.	1.987.000	0	44.382.177	160.425.375	35.915.017	7.321.146	19.851.167	269.881.882
Avskrivningar i året	0	0	542.374	6.035.331	4.035.072	350.200	1.130.545	12.093.521
Akkumulerte av- og nedskrivningar pr. 31.12.	1.987.000	0	44 382 177	160 425 375	35 915 107	7 321 146	19 850 717	268 312 289
<b>Bokført verdi pr. 31.12.</b>	<b>0</b>	<b>9.480.388</b>	<b>21.268.469</b>	<b>179.616.730</b>	<b>45.112.463</b>	<b>8.184.137</b>	<b>5.321.175</b>	<b>268.983.362</b>
Økonomisk levetid	5 år		25-75 år	15-50 år	8-20 år	50 år	3-10 år	

Alle driftsmidler vert avskrivne lineært.

I tillegg er det balanseført anlegg under arbeid med kr 53.262.289. Tilsvarande tal for 2019 var kr 26.636.902.

## NOTE 4 – AKSJEKAPITAL OG AKSJONÆRINFORMASJON (MOR)

Kvam kommune eig 1.000 av 1.000 aksjar i Kvam Energi AS pålydande kr 10.000.  
Ingen styremedlemmer eller dagleg leiar har aksjar eller opsjonar i selskapet.

## NOTE 5 - EIGENKAPITAL

### MOR

	Aksjekapital	Overkurs	Sum
<b>Eigenkapital 31.12.2019</b>	10.000.000	123.125.030	133.125.030
<i>Endring i året</i>			
Kapitalinnskudd fusjon		3.864.550	3.864.550
Resultat i året		158.296	158.296
Avsett utbytte		-7.700.000	-7.700.000
<b>Eigenkapital 31.12.2020</b>	<b>10 000 000</b>	<b>119.447.876</b>	<b>129.447.876</b>

Som innskott ved fusjon er eigenkapital frå det innfusjonerte selskap Kvam Energi Adm AS med virkning 1.1.2020.

### KONSERN

	Aksjekapital	Overkurs	Annan eigenkapital	Sum
<b>Innskott ved stifting (tingsinnskott) 27.09.2019</b>	10.000.000	118.389.025	0	128.389.025
<i>Endring i året</i>				
Resultat i året			10.022.397	10.022.397
Avsett utbytte			-7.700.000	-7.700.000
Fusjonsdifferanse			-279.160	-279.160
<b>Eigenkapital 31.12.2020</b>	<b>10.000.000</b>	<b>118.389.025</b>	<b>2.043.237</b>	<b>130.432.262</b>

## NOTE 6 – PENSJONSKOSTNADER, -MIDLAR OG –FORPLIKTINGAR

Kvam Energi AS har pensjonsordning som omfattar noverande og tidlegare tilsette i selskapet.

I morselskapet er 3 arbeidstakarar omfatta av ordninga. Konsernet har pensjonsordningar som omfattar i alt 31 aktive arbeidstakarar i verksemda. Ordninga gjev rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengig av oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingane frå folketrygda. Forplikingane er dekkja gjennom eit livsforsikringselskap.

MORSELSKAP	2020
Pensjonsopptening i året	350.771
Rentekostnad av pensjonsforpliktinga	498.847
Avkasting på pensjonsmidlar	-675.097
Netto pensjonskostnad (før arbeidsgjevaravgift)	174.521
Resultatførte estimatavvik	268.987
Arbeidsgjevaravgift	20.900
<b>Netto pensjonskostnad (etter arbeidsgjevaravgift) 2019</b>	<b>464.408</b>
Pensjonskostnad frå fusjon	267.131
<b>Sum pensjonskostnad</b>	<b>731.539</b>

	2020
Berekna pensjonsforpliktingar	-23.464.663
Pensjonsmidlar (til marknadsverdi)	17.644.467
Ikkje resultatført verknad av estimatavvik	6.321.025
<b>Netto pensjonsmidlar etter arb.gj.avg.</b>	<b>500.829</b>

KONSERN	2020	2019
Pensjonsopptening i året	3.359.063	3.693.544
Rentekostnad av pensjonsforpliktinga	2.033.670	2.289.753
Avkasting på pensjonsmidlar	-2.774.213	-2.859.834
Netto pensjonskostnad (før arbeidsgjevaravgift)	2.618.520	3.123.463
Resultatførte estimatavvik	1.069.252	1.129.959
Arbeidsgjevaravgift	261.421	348.740
<b>Netto pensjonskostnad (etter arbeidsgjevaravgift) 2020</b>	<b>3.949.193</b>	<b>4 602 162</b>
Pensjonskostnad før konsernetablering		3 451 622
<b>Pensjonskostnad tilhøyrande konsernet</b>	<b>3.949.193</b>	<b>1 150 541</b>

	2020	2019
Berekna pensjonsforpliktingar	-103.085.599	-88 002 142
Pensjonsmidlar (til marknadsverdi)	79.412.926	72 102 297
Ikkje resultatført verknad av estimatavvik	28.280.203	19 340 343
<b>Netto pensjonsmidlar etter arb.gj.avg.</b>	<b>4.607.530</b>	<b>3 440 498</b>

### Økonomiske føresetnader mor og konsern:

	2020	2019
Diskonteringsrente	1,70 %	2,30 %
Forventa lønsregulering	2,25 %	2,25 %
Forventa avkasting på fondsmidlar	3,10 %	3,80 %
Årleg pensjonsregulering	1,24 %	1,24 %
Årleg G-regulering	2,00 %	2,00 %

Som aktuariemessige føresetnader for demografiske faktorar og avgang er lagt til grunn vanleg nytta føresetnader innan forsikring.

## NOTE 7 – LANGSIKTIG GJELD, PANTSETJINGAR OG GARANTJAR

### KONSERN

Gjeld som forfell meir enn fem år etter slutten av rekneskapsåret:

	2020	2019
Gjeld til kredittinstitusjonar med forfall etter fem år	6.956.011	7 370 070

Gjeld med forfall etter 5 år er knytt til Sekkelva Kraftverk AS.

Lån i Kvam Kraftverk AS forfell etter 2 år. Nedbetalingsprofil er 14 år.

#### Bokført gjeld som er sikra ved pant og liknande:

Gjeld til kredittinstitusjonar langsiktig	120.487.811	129 749 870
Gjeld til kredittinstitusjonar kortsiktig	73.951.575	21 693 996

Bokført verdi av eiga stilt som sikkerheit for bokført gjeld:

Bygningar	29.281.668	27 401 711
Driftstilbehør	4.042.965	4 025 386
Kundefordringar	24.865.349	35 047 529
Varelager	4.094.511	4 135 476
Sum	62.284.493	70 610 102

Det er negativ pant i nettanlegg og fiber knytt til lån.

## NOTE 8 - SKATTEKOSTNAD

### MOR

Skattekostnad i året kjem fram slik:	2020	2019
Betalbar skatt alminneleg inntekt	137.998	0
Endring i utsett skatt	-80.650	0
<b>Skattekostnad ordinært resultat</b>	<b>57.348</b>	<b>0</b>

#### Avstemming frå nominell til faktisk skattesats:

	2020	2019
Resultat i året før skatt	215.644	7.099.730
Forventa inntektsskatt etter nominell skattesats (22 %)	47.442	1.561.941
<i>Skatteeffekten av følgjande postar:</i>		
Varige skilnader	9.907	-1.561.941
Korreksjon tidlegare år	57.349	0
<b>Skattekostnad</b>	<b>2.896.966</b>	<b>835 834</b>
Effektiv skattesats	26,6 %	0,0 %



## Spesifikasjon av skatteeffekten av mellombelse skilnader alminneleg inntekt:

	2020	
	Fordel	Forpliktig
Driftsmidler	799.643	0
Fordringar	0	0
Pensjonsforplikting	0	500.829
<b>Sum</b>	<b>799.643</b>	<b>500.829</b>
Ikkje balanseført utsett skattefordel		
Utsett skattefordel	65.734	

## KONSERN

Skattekostnad i året kjem fram slik:	2020	2019
Betalbar skatt alminneleg inntekt	1.034.804	640 261
Endring i utsett skatt	1.862.192	195 572
<b>Skattekostnad ordinært resultat</b>	<b>2.896.996</b>	<b>835 834</b>

## Avstemming frå nominell til faktisk skattesats:

	2020	2019
Resultat i året før skatt	12.919.393	3 205 259
Forventa inntektsskatt etter nominell skattesats (22 %)	2.842.266	705 157
<i>Skatteeffekten av følgjande postar:</i>		
Varige skilnader	54.700	163 122
Korreksjon tidlegare år		-32 445
<b>Skattekostnad</b>	<b>2.896.966</b>	<b>835 834</b>
Effektiv skattesats	22,4 %	26,1 %

## Spesifikasjon av skatteeffekten av mellombelse skilnader alminneleg inntekt:

	2020		2019	
	Fordel	Forpliktig	Fordel	Forpliktig
Driftsmidler	0	422.276	7.513.189	0
Fordringar	185.217	0	85.550	0
Pensjonsforplikting	0	4.607.530	0	3.440.498
Meir-/mindreinntekt	5.369.000	0	4.830.566	0
<b>Sum</b>	<b>5.554.217</b>	<b>5.029.806</b>	<b>12.429.305</b>	<b>3.440.498</b>
Ikkje balanseført utsett skattefordel				
Utsett skattefordel	115.371		1.977.533	

Utsett skattefordel er oppført med utgangspunkt i framtidig inntekt.

## NOTE 9 - KRAFTKONTAKTAR

Kvam Kraftverk AS har leveringsplikt på energi i eige forsyningsområde. Totalt er dette vurdert til 160 GWh for 2021. Behovet for kraft er dekket ved eigen produksjon, småkraft og kjøp av spotkraft samt forsyning frå framandleverandørar direkte til sluttbrukar.

Det låg og føre prissikringsavtalar for alle leveransar med avtalt fast pris i år 2021 til sluttkundar. For 2021 og vidare framover er det og inngått prissikringsavtalar for avtalar med fast pris på 15,5 GWh, og av dette er 16,5 GWh prissikra med tilhøyrande innkjøpsavtale. Det er ytterlegare sikra kjøp av 14 GWh, desse er knytt opp mot variable avtalar om kraftsal.

Det er føreteke ei samla vurdering av levering og kjøp av kraft, og det er ikkje grunnlag for å fastslå at det ligg føre forventa eller urealisert tap ved årsskiftet.

Eigenproduksjonen var 56,8 GWh i 2020 mot 43,5 i 2019. Middelproduksjon for dei siste 10 åra er 57,7 GWh.

## NOTE 10 - MAGASINFYLLING

### KONSERN

Magasinfyllinga var 59,4 % 31.12.2020. Magasinbeholdninga er ikkje teken med i balansen.

## NOTE 11 - BUNDNE MIDLAR OG GARANTJAR

I posten bankinnskot og kontantar inngår midlar som gjeld forskotstrekk tilsette for morselskapet med kr 153.331 og for konsernet med kr 1.450.065. Beløpa dekkjer skuldig forskotstrekk ved slutten av året.

## NOTE 12 – AKSJAR OG ANDELAR I ANDRE FØRETAK MV.

### MORSELSKAP

Datterselskap	Forretnings- kontor	Eigarandel	Stemmeandel	Resultat i året	Eigenkapital 31.12.2020	Anskaffingskost	Balanseført verdi
Kvam Energi Nett AS	Kvam	100 %	100 %	6.246.104	97.805.226	34.431.005	34.431.005
Kvam Kraftverk AS	Kvam	100 %	100 %	3.618.026	36.340.160	98.729.995	98.729.995

### KONSERN

	Eigarandel	Anskaffingskost	Balanseført verdi
<i>Anleggsmidler:</i>			
Eigenkapital innskoten KLP		2.125.570	2.125.570
Porkegjel Kraft AS	12,70 %	21.194	21.194
Valider AS	4,00 %	80.900	80.900
Andre		1.000	1.000
<b>Sum</b>		<b>2.228.664</b>	<b>2.228.664</b>

## NOTE 13 - FINANSIELL RISIKO

### KONSERN

Kvam Kraftverk AS har ikkje inngått leveringskontraktar på kraft. Kraft vert kjøpt av Fjordkraft til spotmarknadsprisar i NOK, samt noko kraft som vert kjøpt til avtalte prisar fram i tid.

Det er inngått salsavtalar til fastpris for 16,7 GWh for perioden 2021-2023. Totalt er 30,5 GWh kjøpt til førehandsavtala pris i 2021-2022. Volum som ikkje gjeld fast pris vert knytta mot variable kontraktar. Sikringskontraktar blir bokført i tilhøyrande periode som salgsavtalane.

Det førekjem ikkje kjøp eller sal i valuta, og det er ikkje balansepostar i valuta.

Kvam Kraftverk AS si langsiktige gjeld er pantelån. Av lånet er MNOK 50 sikra med fastrente ved at det er inngått renteswap avtale som gjeld til og med 30.9.2030. Ellers er det flytande rente på lån.

## NOTE 14 - MELLOMVERANDE OG TRANSAKSJONAR MED NÆRSTÅANDE SELSKAP

### MORSELSKAP

Gjeld til konsernselskap	2020	2019
Kvam Kraftverk AS	6.501.273	35 700
<b>Sum</b>	<b>6.501.273</b>	<b>35 700</b>

Fordring på konsernselskap	2020	2019
Kvam Energi Nett AS	12.340.074	0
Kvam Kraftverk AS	0	7.100.000
<b>Sum</b>	<b>12.340.074</b>	<b>7.100.000</b>

Transaksjonsgruppe	Linje	Motpart	Forhold til motparten	2020
Adminstrasjonsinntekt	Driftsinntekt	Kvam Kraftverk AS	Dotterelskap	2.971.917
Adminstrasjonsinntekt	Driftsinntekt	Kvam Energi Nett AS	Dotterelskap	3.383.474
<b>Sum driftsinntekter frå nærstående selskap</b>				<b>6.355.391</b>

Transaksjonsgruppe	Linje	Motpart	Forhold til motparten	2020
Husleige	Annan driftskostnad	Kvam Energi Nett AS	Dotterelskap	130.095
<b>Sum kostnad til nærstående selskap</b>				<b>130.095</b>

## NOTE 15 - HENDINGAR ETTER BALANSEDAGEN

Det er inngått ny låneavtale med banken etter omorganiseringa, og gjeld til bank er avtalt overført til Kvam Energi AS, som har inngått konsernkonto avtale med banken knytt til bankinskot og gjeld. Avtalen er forventa å tre i kraft i 2021.

## NOTE 16 - COVID 19

I samband med utbrotet av Corona virus i Noreg i mars 2020 har konsernet sett beredskap for kraft-forsyninga. Resultatutviklinga for konsernet er ikkje i særleg grad påverka av COVID-19 i 2020.



Deloitte AS  
Lars Hilles gate 30  
Postboks 6013 Postterminalen  
NO-5892 Bergen  
Norway

Tel: +47 55 21 81 00  
www.deloitte.no

Til generalforsamlinga i Kvam Energi AS

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

### Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

#### Konklusjon

Vi har revidert Kvam Energi AS' sin årsrekneskap som viser eit overskot i selskapsrekneskapen på kr 158.296 og eit overskot i konsernrekneskapen på kr 10.022.397. Årsrekneskapen består av:

- selskapsrekneskapen, som er samansett av balanse per 31. desember 2020, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp, og
- konsernrekneskapen, som er samansett av balanse per 31. desember 2020, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining:

- er årsrekneskapen gitt i samsvar med lov og forskrifter
- gir selskapsrekneskapen som følgjer med eit rettvisebilete av den finansielle stillinga til Kvam Energi AS per 31. desember 2020 og av selskapet sine resultat og kontantstraumar for rekneskapsåret som blei avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.
- gir konsernrekneskapen som følgjer med eit rettvisebilete av den finansielle stillinga til konsernet Kvam Energi AS per 31. desember 2020 og av konsernet sine resultat og kontantstraumar for rekneskapsåret som blei avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

#### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet og konsernet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

#### Ytterlegare informasjon

Leiinga er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje den ytterlegare informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi konkluderer med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagde å rapportere det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

#### Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gir eit rettvisebilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen er leiinga ansvarleg for å ta standpunkt til selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta, og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

#### Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapets og konsernets sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av framleis drift-føresetnaden ved fastsetting av årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifierer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet og konsernet ikkje held fram med drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvissande bilete.
- innhentar vi tilstrekkeleg og formålstenleg revisjonsbevis knytt til den finansielle informasjonen til einingane eller forretningsområda i konsernet for å kunne gi uttrykk for ei meining om den konsoliderte årsrekneskapen. Vi er ansvarlege for å leie, følge opp og gjennomføre konsernrevisjonen. Vi åleine er ansvarlege for vår revisjonskonklusjon.

Vi kommuniserer med dei som har overordna ansvar for styring og kontroll mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

#### **Utsegn om andre lovmessige krav**

##### ***Konklusjon om årsmeldinga***

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget til resultatdisponering er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

##### ***Konklusjon om registrering og dokumentasjon***

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Bergen, 12. mai 2021  
Deloitte AS



**Bjørn Lyse Opdal**  
statsautorisert revisor

# Nøkkeltal 2020

## Økonomi

	31.12.2020	31.12.2019	31.12.2018	31.12.2017
Totalrentabilitet (før skatt)	4,6 %	5,5 %	6,7 %	8,5 %
Resultat av drifta	15,7 %	13,5 %	13,3 %	17,7 %
Eigenkapitalrentabilitet (før skatt)		10,9 %	13,5 %	16,7 %
Likviditetsgrad 1	0,6	0,6	1,0	1,3
Likviditetsgrad 2	0,5	0,5	0,9	1,2
Arbeidskapital	-30,6 mill kr*	-29,9 mill kr	-2,0 mill kr	12,3 mill kr
Eigenkapitalandel	35,34%	38,17 %	39,8 %	41,2 %
Gjeldsgrad	1,83	1,58	1,51	1,42

\*Kortsiktig gjeld er korrigert for byggjelån til Skulafossen i 2019 (20 312') og i 2020 (47 101')

## Kraftproduksjon (GWh)

	2020	2019	2018	2017	2016
Skulafossen kraftstasjon	16,7	19,0	23,2	31,0	25,8
Kaldestad kraftstasjon	38,0	24,5	29,1	32,6	28,9
Sekkelva kraftstasjon	2,0				
<b>Sum:</b>	<b>56,8</b>	<b>43,5</b>	<b>52,3</b>	<b>63,6</b>	<b>54,7</b>

Samla middelproduksjonen siste ti år er på 54,1 GWh

## Kraftoverføring i Kvam (GWh)

	2020	2019	2018	2017	2016
Samla kraftoverføring	168,9	165,5	169,2	165,7	167,5
Nettap	9,9	8,3	8,7	8,6	8,4
Netto overført til sluttbrukar	159,0	157,2	160,5	157,1	159,2
Prioritert overføring	145,4	152,4	146,4	141,4	144,2
Uprioritert overføring	9,7	11,0	11,8	13,1	12,2
Gateljos	1,4	1,6	1,3	1,5	1,7
Leveringsplikt	3,2	2,2	1,0	1,1	1,1
<b>Sum overført i nettet</b>	<b>159,0</b>	<b>157,2</b>	<b>160,5</b>	<b>157,1</b>	<b>159,2</b>

## Kraftsal (GWh)

	2020	2019	2018	2017	2016
Sal i eige nettområde	108,6	111,3	115,8	116,9	120,6
Sal i andre nettområde	13,0	13,3	15,5	26,5	19,7
<b>Sum kraftsal</b>	<b>121,6</b>	<b>124,6</b>	<b>131,3</b>	<b>143,4</b>	<b>140,3</b>



# Me støttar Kvam!

Kvam Kraftverk har lange tradisjonar med å støtta lokale frivillige lag og organisasjonar, festivalar og arrangement.

Kvam Kraftverk er ein viktig samfunnsaktør i Kvam. Me representerer mange arbeidsplassar og er ein lokal verdiskapar. Kvart år gir me støtte til lokale lag, organisasjonar og arrangement av ulike slag.

Me ynskjer å bidra til alt det positive som skjer i heradet vårt og støttar difor både ulike kulturarrangement og idrettsarrangement.

Dette er vår måte å sei at me set pris på all aktiviteten i Kvam og vår måte å hjelpa til at alle som bur her får det endå litt betre.



*Til deg! For deg!*

## **Kvam Energi AS**

Postboks 64, 5601 Norheimsund

### **Kontoradresse:**

Kaldestad 40, Norheimsund

### **Telefon:**

Sentralbord: 56 55 33 00

Vakttelefon: 56 55 33 33

[www.kvam-kraftverk.no](http://www.kvam-kraftverk.no)

[firmapost@kvamkraftverk.no](mailto:firmapost@kvamkraftverk.no)

# **Kvam Energi AS**

[www.kvam-kraftverk.no](http://www.kvam-kraftverk.no)